

o Dei kloke "

Heimelærde doktorar og kloke koner før i tida.

Emne nr. 76

Av Johan Moan,

Leksvik,
Nord-Trøndelag.

Før i tida var det slik at Leksvik hadde både doktor og veterinær i lag med Frosta. Var det da noko som stod på anten i huset eller fjøset, laut ein til Frosta for å henta hjelpa. Oftast var det å ro fram og tilbake mellom Leksvik og Frosta. Og dette tok tid, for korkje doktoren hell veterinæren budde attmed båtstøet. Somtid kunne det og vera slik storm at det beint fram var livsfarleg å ro over fjorden. Ja, det hende eingong at både doktoren og rorskarana bleiv borti fjorden. Doktoren den gongen heitte Bendike.

Under slike tilhøve var det berre naturleg at sjuke folk søkte hjelp hos kloke menn og kvinner innan bygda. Doktoren frå Frosta vart ein dyr kar å ha i huset. Folk flest hadde lite med kontante pengar. Og dei kloke menn og kvinner hjalpnte i dei fleste tilfelle heilt gratis eller godtsom utan vederlag. Ja, det hende til og med at den sjuke fekk ei matbør attpå hjelpa, når naua og fattigdommen var for stor.

Om ein skal tru det som blir fortald om dei kloke menn og koner, er det ikkje tvil om at mange av dei verkeleg gjorde godt arbeid i mange tilfelle. Når ein så veit at dei fleste av dei hjalpnte av rein og skir nestekjærleik, kan ein ikkje ha anna enn stor vyrdnad for dei.

Den første heimelærde doktoren vi veit om i Leksvik var ein som heitte Andreas Hansen Myran, eller Gammal-Myr som han vart heitande på sine gamle dagar. Han var fødd på midtre Myran i 1817, og vart buande der på garden til han døde som gammal sveinkall i 1899.

Andreas Myran hjalpnte både folk og husdyr. Han dreiv mykje med årelating og kopping, og hadde mellom anna ein uvanleg stor sneppert som han brukte på hestar og kyr. Mot lungebrand brukte han ullklut av ein skinnfell som var innsmurd med kvit kamferolje. Denne kluten vart så lagt på der styngen kjendest som verst, og måtte liggja der til krisa var over. Ofte var da skinnet skamfert av kamferoljen. Men merkeleg nok, ein stor del av dei sjuke kom seg og vart heilt friske att.

Ein annan men mindre kjend leksvøring som praktiserte som bygdedoktor på samme tid som Andreas Myran, var ein som gjekk under namnet Doktor Li. Han var opphaveleg frå plassen Sollibekklia i Leksvik markabygd, men slo seg seinare til på Røstadlian eller Nerlian. Det var truleg av di han flytta frå den eine -li-plassen til den andre at han fekk namnet sitt. Doktor Li dreiv mest med ålating og kopping. Å få greie på fødsels- og dødsåret hans har ikkje lykkast meg. Doktor Li hadde berre ein einaste son, den seinare Ludvik Gangstadhaug. Men også han er død for ei god tid tilbake, ugift og utan etterkommarar.

Men den mest dugande heimelærde bygdedoktoren som har levd i Leksvik er tvillaust Johannes Myran. Johannes var, som farbroren, fødd og oppvaksen på midtre Myran. Han var fødd i 1864 og døde i 1929 og var, likeins som farbroren, ungar.

Ein sjukdom hadde gjort at Johannes alt som ung vart ufør i føtene og måtte hjelpa seg med krykkjer. Om det var dette som gjorde at han fekk interesse for lækjaryrket er ikkje godt å seia. Johannes var gløgg og evnerik, og han las alt han berre fekk tak i av det som handla om lækjarkunst. Han vart og så stø i å fastslå kva som vanta folk, at distriktslækjar Nils Schiong i somme tilfelle tok han med på råd. Mot lungebrand brukte også Johannes kvit kamferolje. Han var ein heil meister til å heila brandsår og til å skjera opp bylder og annan styggedom.

Det var i Johannes si tid at Leksvik fekk fast tilsett distriktslækjar, så det vart no lettare å få tak i faghjelp når noko stod på. Men som tanntrekkar heldt Johannes stillinga så lenge han var god til å dra ei tann. Han hadde moderne tenger og eit uvanleg godt handlag. Og så dreiv han såvisst ikkje noko opptrekkeri. Tjue fem øre tanna var fast pris anten det var opp- eller nedgangstid. Det lever i dag mange i Leksvik som har fått dregi ut tenner for 25 øre stykket av Johannes.

Når doktoren eller tannlækjaren kjem med sprøyta eller tonga, hender det at ein og annan pasienten dāner. Slikt hende og når Johannes kom med tonga. Da sette han seg ikkje til å venta på at han som dāna skulle komma til sans og samling att, men drog no ut tanna eller tennene i ein to tre. Når så pasienten atter rådde med seg sjøl, vart han trøyste med desse orda av Johannes: "No ligg tannpina nedi vaskefatet."

Johannes kokte alltid tenger og knivar og var ellest svært reinsleg av seg.

Siste hundreåret har der i Leksvik levd to kvinner som i si tid gjorde uvanleg mykje godt for medmenneska sine. Den mest kjende av desse var Johanna Talmo, som var fødd i 1850 og som døde i 1933.

Johanna Talmo vart med tida spesialist i å leggja ihop og spjelka beinbrott. I si tid, ho heldt på så lenge ho orka, la ho ihop og spjelka tilsamman 36 brotne bein. Av dette var 9 lårbeinsbrott. Det går i dag i Leksvik folk i kring som har fått lagt ihop og spjelka brotne føter av Johanna Talmo. Og ingen kan sjå på dei at dei har vori ute for beinbrott nokon gong.

Men Johanna var og sers dugande som ledd-doktor. Kor mange menneske, og husdyr med, ho har hjelpt i slike tilfelle hadde ho inga aning om.

Eg spurde nyleg eldste sonen hennar, Andreas, om han kunne seia meg kvar ho hadde lærd lækjarkunstene sine ifrå. Han påstod det var ein givnad ho hadde fått i voggegåve, eller noko som var medfødd. Og som eit døme på dette fortalde han om ein gong faren og han skulle prøva få ei knoka i ein ledd på plass. Det var det samme kor dei bala, knoka ville ikkje dit ho skulle. Da så Johanna skulle prøva høyrdest straks ein liten gnert. Og så var ledden i orden.

Ei anna kjend kvinne i Leksvik var Beret Anna Aunet. Beret Anna, som var fødd og oppvaksen på garden ytre Berget ved Aursjømyra mellom Verran og Rissa, kom som ung til Leksvik og vart bondekone på Aunet.

Det var helst når noko stod på i fjøset at Beret Anna vart henta. Og ho fekk med åra ei slik øving i faget, at ho vart reine meistern som fødselshjelp. Beret Anna la også ihop og spjelka både sauføter og geitføter. Men ho vart også i mange tilfelle henta der jordmora ikkje nådde fram i tide. Og i mange tilfelle gjekk ein også til Beret Anna om ein var sjuk, når det da ikkje var nokon alvorleg sjukdom. For ho hadde alltid eit lite apotek i huset, der ein fekk alt gratis av henne. Ja, slik var ho.

Beret Anna la også ihop og spjelka brotne bein på folk. Men det var berre få tilfelle. Og for å få beinskjøtane til å gro fort og bli sterke fekk pasientane hennar filspion av massing samman med maten. Men om dette hjelpte er meir tvilsamt. I allefall hjelpte det ikkje da ho sjøl som 84-åring i 1931 fekk eit større beinbrott. Dette vart døden hennar, det.

4.
Øvst i Verrabotn, heilt oppmed Aursjømyra, levde ei namngjeten og vidkjend kvinne, Anne Ørsjødal. Det merkelege er at ho og Beret Anna Aunet så å seia var grannar eit tak. For den tida var det faktisk ikkje anna enn ei stor snaumyr, den no koloniserte Aursjømyra mellom heimane deira.

Som med dei to før nemnde kvinnene var også Anne husmor på ein vanleg bondegard. Men det var som fødselshjelp at ho vart så vidkjend. Næraste jordmor budde da i Fram-Verran. Før ein fekk telefon til Ørsjødalsgrenda, og når isvanskane melde seg i Verrasundet og fjorden, var det så vanskeleg å få tak i jordmora at det kunne gå to dagar før ho var framme. Og så lang tid greidde ikkje barselkvinnene i Verrabotn å venta.

Så var det å få tak i Anne. Heilt opp på den einslege fjellgarden Lysvatnet, på fjellet mellom Verrabotn og Åfjord, laut Anne fara i slike ærind. Sjøl kunne ho ikkje gå på ski. Så gjekk ho dit den lange vegen i labbar. Gjekk i låma etter ein vant skilaupar og brukte eit par vanlege skistavar til å letta seg med.

I si tid tok Anne imot kring 150 nye verdsborgarar. Men med dei tilfella der jordmora kom etter alt var overstått vart tallet kring 200. Og alt dette hende utan eit einaste uhell. At Anne hadde flaks i så måte er det ikkje tvil om. Men hadde ho ikkje vori så reinsleg av seg som tilfelle var, ville det neppe ha gått slik.

Når Anne vart henta til ei som skulle føda hadde ho alltid ei flaske vin i veska si. Og ho spanderte alltid vin på pasientane sine. Når ho så skulle fara heim var betalinga for alt samman oftast denne: "Ja, no får du ha tusen takk! Og Gud velsign deg Anne!" Meir kravde ho heller ikkje.

Anne var fødd i 1844 og døde i 1938, nærpå 94 år gammal. Ho må ha hatt ei uvanleg sterk helse, for da ho var 90 år hadde ho enda ikkje vori til doktor. I høve 90-årsdagen hennar vart innsatsen hennar innrapportert for styresmaktene. Og så ei stund etter møtte far til lensmann Magne Aftret opp i heimen hennar og festa Kongens fortенestmedalje på brystet til den gamle heiderskvinna. Og har nokon gjort seg fortent til denne medaljen, så måtte det vera Anne Ørsjødal, ho som utan vederlag gjorde så mykje godt for medmenneska sine.

76
NT



Anne G. Frisjodal
på hennes 90-års dag.

N.F.